

Innspel på høyring av forskrift om gjennomføring av avskogingsforordninga mv.

WWF takkar for høve til å gi innspel på regjeringa sitt forslag til forskrift om gjennomføring av EUs avskogingsforordning i norsk rett.

Det er to aspekt ved forslaget som vi meiner er svært uheldig.

1. Berre delvis implementering av forordninga: Noreg skal vere ein forkjempar for å stoppe avskoging. Då er det skuffande at regjeringa berre vil følge opp delar av forordninga, og argumenterer med frykt for presedens. EU-forordningane skal som eit prinsipp takast inn 'som dei er'. Då blir argumentasjonen om presedens tynn. Konsekvensen av den halvhjarta implementeringa blir å spenne bein på norsk næringsliv som får utføreseielege forhold å rette seg etter, eit svekka omdømme som regnskognasjon og opning for at norsk handel med dei utelatne råvarene framleis kan føre til avskoging og skogforringing.

2. Mangelfulle definisjonar av norsk skog: Direktorata/departementa har valt definisjonar av norsk skog som er fagleg svakt begrunna og upresise. Vårt inntrykk er at dette er eit bevisst val for å la norsk skogbruk halde fram som før. Vi meiner at regjeringa burde gjennomføre ei ekspertvurdering som sikrar ei meir presis oversetting av innhaldet i EUs definisjonar til norske forhold. Det vil sikre ei kunnskapsbasert implementering av dette svært viktige regelverket i Noreg. EUs forordning skal ikkje berre stanse avskoging, men også forringing av skog. Blir regjeringa sitt forslag ståande vil ikkje dette formålet nås.

Vi vil sterkt oppmode regjeringa til å nytte den ekstra tida dei no har fått med EUs nye utsetting av EUDR til å legge fram eit forslag med fullstendig implementering av EUs avskogingsforordning, som inkluderer oppdaterte, fagleg funderte definisjonar av norsk skog.

Nærmare om vårt innspel:

1. Viktige varegrupper utelatt på grunn av delvis implementering:

Vi har ved fleire høve poengtert viktigheita av at EUs avskogingsforordning (EUDR) blir implementert "[Fullt og helt, ikke stykkevis og delt](#)". At regjeringa har valt nettopp ei slik "stykkevis og delt"-tilnærming, ved å berre inkludere dei råvarekategoriane som inngår i EØS-avtalen, ser vi som problematisk på fleire måtar.

Det eine er at Noreg framleis kan bidra til avskoging ved import av dei utelatne varegruppene. Det andre at vi kan få negative reaksjonar frå EU for å ikkje ta inn forordninga 'som den er'. Med mindre dette er avklart med EU, kan regjeringa risikere at EU ikkje godtek denne måten å ta inn forordninga på. Det vil vere uheldig både med tanke på offentleg ressursbruk og konsekvensane for norsk næringsliv. Og det tredje problemet er nettopp at næringslivet får det unødige komplisert med stykkevis og delt-

implementering til regjeringa. Norske aktørar som handlar med dei utelatne varegruppene, som til dømes soya, vil bli nøydd til å enten handle med EU som eit tredjeland eller flagge ut verksemda si til eit EU-land. Og bønder som både eksporterer storfekjøtt og hud eller lær til EU må med regjeringa sitt forslag følge ulike reglar for det same dyret.

At regjeringa ikkje vil legge seg på same ambisjonsnivå som EU for å minimere bidrag til avskoging og skogforringing globalt synes vi er svakt. Råvarene som er inkludert i EUDR er valt ut fordi det er dei største drivarane for avskoging globalt. Då er det kritikkverdig at regjeringa foreslår å utelate fleire av desse i den nasjonale oppfølginga. Noreg som regnskognasjon burde prioritere ei ambisiøs linje over frykt for presedens.

2. Upresise og utdaterte definisjonar av skog på tynt fagleg grunnlag:

Effekten av EUDR på norske skogar og norsk skogbruk blir avgjort av korleis forordninga si inndeling av skogtyper blir oversatt til norske forhold. Potensialet i forordninga er stort. Implementert på ein god måte kan den vere eit effektfullt verktøy for betre varetaking av skogøkosystema våre og alle dei 1330 trua artene som lever der. Vi er klar over at den opprinnelege intensjonen med forordninga var å redusere avskoging i tropiske skogar, men det er likevel eit tapt moglegheit om regjeringa ikkje nyttar høve til å også styrke forvaltninga av norske skogar. Med tanke på at skog som økosystem har dårleg økologisk tilstand ($<0,6$), kunne ein gjennom arbeidet med implementering av forordninga sørge for å bruke dei verktøya som forordninga gir, til å betre forholda i norske skogar.

Det vil ikkje skje, etter som departementa har valt å bruke Landsskogstakseringa og NIBIOs rapportering til FAO som basis for dei norske skogkategoriane. Noregs FAO-rapportering er fagleg svak. Den samlar 97,9 prosent av norsk skog i ein sekk ved namn 'normalskog', der det ikkje blir skilt mellom planta og naturleg forynga skog. Eit slikt skilje blir hevda å vere for vanskeleg å kartlegge, trass i at våre skognaboar Sverige og Finland har fått det til, og at vi i Noreg har foryngingsplikt etter hogst. Med FAO-rapporteringa som grunnlag får berre 1,8 prosent av norsk skog status som den mest urørte skogtypen 'primary forest', trass i at FAO sin definisjon er relativt vid og kan inkludere både skog som står heilt urørt og skog der det har skjedd noko skogsdrift. Når det gjeld 'plantation forest', så hamnar ubetydelege 0,3 prosent av norsk skog i denne kategorien. Det baserer regjeringa på ei svært streng tolking av EUs definisjon. Felles for alle kategoriar er difor at ein kan stille spørsmål ved om dei brukast riktig i høyringsnotatet, og at styresmaktene vel å satse på 'business as usual' framfor ei kunnskapsbasert tilnærming.

Resultatet av regjeringa sine skogkategoriar er at EUDR i praksis ikkje vil ha nokon effekt på norsk skogbruk. I følge EUDR er det nemleg berre hogst i 'primary forest' som kan

telle som skogforringing, samt hogst som endrar naturleg forynga skogar til 'plantation forest'. Med regjeringa sine kategoriar og tilhøyrande prosentar seier dei at vi knapt har verken 'primary forest' eller 'plantation forest' i Noreg. Ergo er det knapt nok mogleg at det skjer forringing av norsk skog.

Det er imidlertid verdt å merke seg at regjeringa i høyringsnotatet sjølv erkjenner at dei snevrar inn EUs definisjon av 'primary forest'. Viser til høyringsnotatet s. 8: 'Det Landsskogstakseringen kategoriserer som "naturskog" i dag er tolkningen av det engelske begrepet "primary forest" slik dette er definert av FAO, men i hovedsak **avgrenset til den eldre delen, dvs. "old primary forest"**' (vår utheving).

Departementa ønsker også at begrepet 'urskog' skal nyttast som det norske begrepet for 'primary forest', sjølv om dei erkjenner at også det snevrar inn EUs definisjon. Viser til høyringsnotatet s. 8: 'Det norske begrepet har strenge krav til urørthet, og **vil i praksis være det samme som gammel primary forest**' (vår utheving).

At departementa snevrar inn 'primary forest' til å kun gjelde den eldre delen av denne skogtypen verkar å vere eit bevisst val for å unngå å legge avgrensingar på dagens skogbruk. Areal som inngår i dei 1,8 prosent er heller ikkje kartfesta, så dei kan ikkje lokaliserast. Det vil gi forvaltninga eit stort problem, då det ikkje vil vere mogleg å bekrefte eller avkrefte om lovgivinga blir overheldt i Noreg.

Vi vil også bemerke at vi synes det er rart at det er departementa som har tatt avgjersla om skogdefinisjonane, og ikkje fagdirektorata. Viser til høyringsnotatet s. 8: 'I den svenske oversettelsen av forordningen er begrepet «urskog» brukt i oversettelsen av «primary forest». Gitt det sammenfallende innholdet i begrepene og at «urskog» brukes i det svenske regelverket mener **departementene** at dette også bør gjøres i Norge' (vår utheving). Dette styrker vårt inntrykk av at definisjonane er satt hovudsakleg ut frå eit næringspolitisk perspektiv, og ikkje eit fagleg.

Vidare er vi kjent med at NIBIO er i gong med å endre si rapportering til FAO, inkludert på det å kunne skilje mellom 'planted forest' og 'naturally regenerating forest'. Det betyr at regjeringa sine val om norske definisjonar snart kan bli utdatert.

Vi saknar også omtale av skogforringing og ei erkjenning av at dette skjer i Noreg, samt estimat på omfanget. Vi veit at verdifull naturskog blir omgjort til artsfattige planta granskogar, noko som fell inn under EUs definisjon av skogforringing. Men regjeringa sine avgrensingar gjer at dette ikkje blir fanga opp.

Vi vil sterkt oppmode regjeringa til å sette ned ei ekspertgruppe med økologar og biologar, for å vurdere innhaldet i definisjonen av 'primary forest' og andre begrep.

Berre slik kan vi få ei kunnskapsbasert implementering av dette svært viktige regelverket i Noreg. I eit slikt arbeid vil det vere naturleg å dra veksling på kompetansen frå gruppa som har jobba med utvikling av [naturskogkarta](#). Særleg kartlaget 'naturskognærleik' er relevant i den samanheng. Dette ser vi som det beste utgangspunktet av tilgjengelege kunnskapsgrunnlag.

Ein godt innarbeidd framgangsmåte i dagens skogbruk er å flatehogge verdifull, artsrik naturskog (tilsvarande 'primary forest' og 'naturally regenerating forest') og erstatte den med artsfattige, einsaldra granskogar (tilsvarande 'planted forest' og 'plantation forest'). Forordninga kan få ein slutt på dette, men det fordrar endringar i norsk skogbruk, som regjeringa ser ut til å ville unngå. Sjølv om EUDR blir implementert jamfør regjeringa sitt forslag, vil verdifulle naturskogar framleis kunne flatehoggast for tømmerproduksjon, naturmangfald vil gå tapt og formålet med EUDR vil ikkje nås i Noreg.